



Byggtorget

Lio Sag & Treforedling

Lio Sag & Treforedling kan syna til eit godt driftsår i 2019.

Lio Sag & Treforedling med dagleg leiar, Rune Myklebust frå Uskedalen, kan syna til eit godt driftsår i 2019. Dotter hans, Kristine Heimvik, er avdelingsleiar på Husnes og begge er godt nøgde med omsetnaden og drifta. Plasseringa på Husnes er god. Verksemda er godt synleg frå Fylkesvegen og med endå betre skilting, skal det vera lett å finna Byggtorget.

Lio Sag & Treforedling er total leverandør av trelast og byggevarer. Målgruppa har til no vore privatmarkedet med både oppussing, renovering og nybygg. Kunden etterspør eit ferdig produkt der alt er inkludert. Difor vil ein no utvida tilbodet med å ha eigne snikrar.

Rune Myklebust starta i kjeden Byggmakker på Seimsfoss, før han flytta og overtok Lio Sag i Neslia. Det var i 2002. I 2016 var tida klar for etablering på Husnes. Kristine bur på Utåker og har i mange år pendla til Neslia. No har ho fast arbeidsplass på Husnes. Kristine starta i verksemda til far sin alt i 2001.



Kristine Heimvik har jobba saman med far sin, Rune Mykelbust, sidan 2001. No er ho leiar for avdeling Husnes. Kristine gjer og kan det meste i verksemda. Ho reknar på tilbod, gjer innkjøp, styrer lager og butikken. Ho køyrer truck og gjer alt klart for utsending av trelast og andre varer. Ein eigen sjåfør står for sjølve transporten.

Lio Sag & Treforedling er konkurransedyktig på alt innan trelast og byggevarer. Dei har sal og varelevering i heile kommunen. Leiinga varslar at drifta kan bli endra. Verksemda på Husnes treng alt meir plass og det føreligg planar om utviding. Plassen er for liten, og ein planlegg nybygg.

Tekst/foto/nett. Kristian Bringedal